

Om **Sigmund Eikås** Fødd 1947

- hardingfele for dei som ikkje har spelt så lenge



Sigmund er rekna som ein av Norges fremste musikarar på hardingfele og har vore leiar for Indre Sunnfjord Spelemannslag i ein mannsalder. Han har leia laget til seier i lag spel på Landskappleiken en rekke gonger. Han har også vore dommar på Landskappleiken fleire gonger og på mange lokalkappleikar.

I åra 1992-1995 og 2003 var han styreleier for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival. Han var også leiar i Landslaget for Spelemenn i tre år og blei utnemnd til æresmedlem i laget i 2002.

Frå 1989 var han tilsett som fylkesmusikar av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Sigmund er noe ein aktiv pensjonist som vi er særsla gladd for å ha fått som lærar for dei yngste elevane.

1994: Heiderspris frå Rådet for folkemusikk i 1994

2001: Fylkeskulturprisen i Sogn og Fjordane

2007: Postens Kulturpris

Om **Torkjel Bruland Lavoll** Fødd 1982

- hardingfele for dei som har spelt ein stund



Torkjel har sine røter i Indre Sunnfjord Spelemannslag, men er utdanna arkitekt og bur no i Volda.

Han har var den første leiaren i det legendariske spelemannslaget Team GløsTøs som vart etablert blant studentar i Trondheim i 2004. Av konkurransemessige høgdepunkt kan sigeren i nordisk meisterskap i folkemusikk i 2008 nemnast, for ikkje å gløyme 2.plassen i lag spel på landskappleiken i 2009 og 2013. Dei er kjend for knallhardt, kompromisslaust hardingfelespel der dei gjev alt.

Torkjel seier han gler seg til å vere lærar på kurs i Møre og Romsdal.

Om

Mette Carlsen *Fødd 1971*

- vanleg fele for dei som ikkje har spelt så lenge



Mette fann sin musikalske interesse i Spelemannslaget Dåm og Drag i Vestnes der ho vaks opp. Ho bur no i Utvik i Nordfjord og er aktiv i spelmannslaget Fjelljom. Mette er også aktiv i opplæringsarbeidet i spelemannslaget. I tillegg er ho tilsett i kulturskulen og har der 11 elevar frå 6-15 år. Metter er lærar på Firda vg. skule.

Dette seier Mette kursopplegget sitt:

På kurset vil eg lære frå meg ved at elevane ser, lyttar og repeterer etter meg. Dei treng ikkje kunne notar, men eg deler ut notar om eg har det på slutten av kurset, om dei vil ha. Eg vil lære frå meg slåttar som ein kan nytte til dansespel, for det er ekstra kjekt å spele til dans - i tillegg ein brudemarsj. Kanskje greier vi å gå og spele? I Utvik er det vanleg med Jonsokbrudefølgje, så der går vi og spelar og det er veldig kjekt.

Om

Aslak Opsahl Brimi *Fødd 1983*

- vanleg fele for dei som har spelt ein stund



Aslak er av kjend spelmannsslekt som son av Rolv Brimi og barnebarn av den vidjetne Hans W. Brimi. Han representerer Gudbrandsdalsmusikken på ein ypparleg måte og har deltatt som solist og som medlem i mange lag på kappleikar og konsertar i inn og utland.

Dette seier Aslak om kursopplegget sitt:

Det er ikkje noko meir å sei om den saken!

Om

Torbjørn Netland *Fødd 1982*

- Samspel (trekkspel, bass, gitar og kanskje noko meir)



Torbjørn Netland er gitarist, opprinnelig fra Vik i Sogn men no busett i Bergen. Han jobbar som frilandsmusikar innanfor ulike sjangrar og konstellasjonar, men primært rytmisk musikk; jazz, folkemusikk og det ein kan finne i grenselanda mellom.

Torbjørn er ingen typisk «gammeldanskompar» – han tilhøyrer den nye type musikar som har funne dei gamle slåttane og leikar seg med desse. Kom gjerne med utfordringar til læraren – dette kan bli spanande!

Om

Asbjørg og Arne M. Sølvberg *Begge fødd i 1950*

- Folkedans for dei som har dansa før



Asbjørg og Arne har vore aktive dansarar nesten "heile livet", og dei fann kvarandre i folkedansmiljøet i Oslo tidleg på 1970-talet.

Sidan dei flytte til Fjelli i 1979, har dei samanhengande drive opplæring av unge dansarar. For tida har dei bortimot 40 gutter og jenter fordelt på to aldersgrupper. Det vert dansa både bygdedans, songleik, runddans og turdans, og dansegruppa tilhøyrer Fjelli ungdomslag. Gruppa fekk Stryn kommune sin kulturpris i 2015. Sommardansinga på Hotel Alexandra er beste øvinga og inspirasjonen, meiner Asbjørg og Arne. Tevlingsmomentet vert ikkje sterkt dyrka i arbeidet, men likevel har svært mange frå laget gått heilt til topps i sine klassar på Landskappleiken og andre kappleikar. I slike høve representerer dei Spelemannslaget Fjelljom.

Asbjørg gjekk på instruktørkurs i Noregs ungdomslag og dreiv opplæring av born allereie medan ho budde i Oslo. Arne tok to år med folkedans-studie ved NTNU i Trondheim midt på 1990-talet. Det andre året hadde særleg fokus på opplæring.

Asbjørg og Arne har ikkje vore av dei aller ivrigaste kappleiksdansarane, men har gjort det svært godt når dei har delteke. Dei debuterte i klasse A på Landskappleiken i 2000 med ein andre plass, og fire år seinare gjekk dei heilt til topps med springaren sin. Dei har vunne runddanstevlinga på fylkeskappleiken og vore i finalen på same tevlingsgreina på Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Begge har også satt ved dommarbordet. Dei siste åra har dei hatt oppdrag med danseundervisning i skulane. Arne syter og for at dei har levande musikk i undervisninga.

OM

Marie Lovise Widnes *Fødd 1930*

- vokal folkemusikk



er ein diktar, forfattar, kåsør, songar, politikar (SV) og husmor. Marie Lovise er fødd i Vanylven i Møre og Romsdal. Ho flytta til Hareid med familien i 1963.

Marie Lovise har mellom anna skrive visa «Gangdøra», ei sær populær vise som florerte i radio i mange år. Ho turnerte mellom anna for Folkeakademiet og Norsk Forfattarsentrum frå 1949. Ho har som tradisjonsberar sunge og lese inn 134 gamle viser, regler og barnesullar for FAMR, folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal.

Marie Lovise vart vald inn på Stortinget frå Møre og Romsdal i 1989. Ho har alltid vore politisk og sosialt engasjert.

Marie Lovise er fortsatt svært aktiv til tross for sin høge alder. Vi har vore utruleg heldige som har fått henne som lærar på kurset.

Dette seier Marie Lovise om KURSOPPLEGGET sitt:

Eg syng føre og kursdeltakarane hermer – slik vi gjorde det heime hos ho mor.

Dette seier Marie Lovise om FOREDRAGET sitt:

Trur eg vil snakke om gamle visar, tonar og tekstar. Tradisjon i gamle tider, og synge litt gamle sullar og viser. Og så vil eg fortelje om kjeldene mine og om kva erfaring eg har hatt som diktar.